



ÅRSMELDING BØ SOKNERÅD 2025

Godkjent i Bø sokneråd 3. mars 2026

INNHALD

1	Innleiing	2
2	Særskilde hendingar i 2025	2
3	Gudstenesteliv	3
4	Gravferd	5
5	Vigsel	5
6	Kyrkjeleg undervising	5
7	Diakoni	10
8	Misjonsprosjektet	11
9	Givarteneste	11
10	Frivillighet	12
11	Kultur	12
12	Rådsarbeid	13
13	Informasjonsarbeid	14
14	Økonomi	15

1 INNLEIING

Bø sokneråd arbeider under visjonen *"Vi vil skape ein møteplass mellom Gud og menneske og menneske imellom."* Saman med mange frivillige og staben er det mange gode møteplassar og aktivitetar gjennom året.

2 SÆRSKILDE HENDINGAR I 2025

Bø kyrkje 150 år

Kyrkjejubileet blei markert søndag 25. mai 2025 kl. 11.00 med jubileumsgudsteneste der tidlegare tilsette var til stades, som prestar, organistar, kyrkjevevjer og trusopplærarar. Jubileumsgudstenesta var ei folketonemesse der kyrkjekoret med dirigent og organist deltok saman med musikarar på hardingfele, hardingbratsj, hardingcello og bass. Prost Asgeir Sele heldt jubileumstala.

I samband med jubileet framførte alle barnekora med musikarar og forteljar konserten «Sommerdrømmen» søndag 11. mai. Det var ein eigen ungdomsgudsteneste fredag 23. mai, laga av og med ungdomane sjølve. Laurdag 24. mai var det open kveld på Bø prestegard, med servering av suppe og foredrag av prost Asgeir Sele: Kyrkja si historiske plass i lokalsamfunnet. Alle desse samlingane var godt besøkt.

Jubileumsbok

Professor i historie på USN og medlem av soknerådet, Nils Ivar Agøy, vart beden om å skrive ei jubileumsbok som blei kalla for «Den unge dottera på Bøhaugen». Ei historisk gjennomgåing av starten på bygginga av Bø kyrkje på ca. 106 sider. Boka vart lansert på «Bø bok og papir» med foredrag av Nils Ivar Agøy laurdag 24. mai.

Minikyrkje for borna

I samband med jubileet laga kyrkjetenar Håkon Holtar på oppdrag frå Korskulen ei minikyrkje etter modell av Bø kyrkje. Kyrkja var ei gåve frå Korskulen til kyrkjelyden.

Ny organist

Gudrun Klakegg blei takka av som organist etter eit års teneste. Øyvind Sundsvalen blei tilsett som ny organist, og starta 1. august.

Frivilligfest

Soknerådet ved Gry Hege Vreim arrangerte frivilligfest i kyrkja søndag 23. november med kveldsmat og kaffi. Arrangementet var svært vellykka.

Radio- og TV- gudstenester

Staben i Bø kyrkjelyd vart i juni spurt om dei kunne vere vertskap for radio- og tv-gudstenester i 2026/27, og staben takka ja. Staben hadde besøk av NRK i midten av september til synfaring og gjennomgåing av gudstenestene. Dei to første gudstenestene blir 12. april og 24. mai

Planar for ombygging av Tomaskapellet

Midt-Telemark kommune presenterte i forbindelse med budsjett 2026 nye planer om etablering av et livssynsåpent seremonirom i Gullbring, samtidig som Fellesrådet beheld bevilling på fire millionar kroner til oppgradering av Tomaskapellet med nye toalett og kjølerom. Fellesrådet sette ned ei arbeidsgruppe med mandat til å finne nye løysningar innanfor tilgjengelege rammer.

Namna minnelund

Etter fleire rundar med Statsforvaltaren fekk vi godkjent planane for Namna minnelund rett før sommaren. Arbeidet blei utført av Telemark Park og Hage AS, og nærma seg ferdigstilling like før frosten sette inn. Til våren står det att å så til urnefeltet og montere dei siste detaljane.

Ortodoks kyrkjelyd

I Tomaskapellet feirast det ortodoks liturgi på ukrainsk annakvar laurdag ved fader Andrii Pinchuk. Han har hatt språkleg praksis i vår kyrkjelyd. Gudstenestene starta i desember 2024 og har fortsatt i dette året. Den ortodokse kyrkjelyden har organisert seg som eit sjølvstendig trussamfunn — «Den ortodokse misjonen til den hellige kong Olav». Konstantinopel-patriarkatet vurderer for tida spørsmålet om å ta Andrii Pinchuk opp i sitt kleresi.

3 GUDSTENESTELIV

3.1 ULIKE GUDSTENESTER

Det vart halde 64 gudstenester i Bø sokn i 2025. Det var 39 gudstenester med nattverd, og 23 gudstenester med dåp. Av desse var det 58 gudstenester i soknet sine kyrkjer (Bø kyrkje og Bø gamle kyrkje – 1 gudsteneste). Det var 3 gudstenester på Bø

sjukeheim, 3 gudstenester på Jønnbu fjellkyrkje og ein gudsteneste på den gamle kyrkjestaden til Gårakyrkja.

Tru og lys hadde 5 gudstenester med nattverd i Tomaskapellet. Sjå punkt 6.2.

Studentprest Kristian Gotehus Køhn hadde 24 kveldsgudstenester i gamlekyrkja, litt færre enn året før, da det berre vart annan kvar tysdag hausten 2025. Det var eit snitt på omtrent 10 nattverdsgjester per gudsteneste - altså omtrent 240 nattverdsgjester til saman. Desse er ikkje tatt med i statistikken.

Det blir halde fleire ulike gudstenester i Bø kyrkjelyd. Hovudgudstenestene i Bø er høgmesse med nattverd. I tillegg har vi hatt:

- 5 familiegudstenester.

- 1 sanggudsteneste ein torsdag ettermiddag der 2-åringane var spesielt invitert.

- 5 kveldsgudstenester (Nyttårsdag, 12. januar, 16. februar, askeonsdag og skjærtorsdag).

- 1 ungdomsgudsteneste, 23. mai.

- 1 fellesmøte med Bø Pinsemenighet, Normisjon og kyrkja på Soar.

- 1 fellesgudsteneste med Bø Pinsemenighet, Normisjon og kyrkja på Jønnbu.

- 1 samtalegudsteneste for konfirmantane.

- 3 konfirmasjonsgudstenester.

- 2 gudstenester med skriftemål og nattverd, askeonsdag og bots -og bededag

- 1 minnegudsteneste, ettermiddagen før allehelgen.

- 3 friluftsgudstenester saman med Sauherad og Nes sokn: ved Dampfarveriet, på Tingvoll og ved Gårakyrkja.

- 2. pinsedag var det 5 korte pilegrimsgudstenester i Bø gamle kyrkje for dei som gjekk frå Nes til Bø.

Gjennomsnittleg besøkstal for gudstenestene i kyrkjelyden i 2025 var på 119. (då er konfirmasjonsgudstenester og julaftan rekna med). Dette er noko høgare enn i fjor med 93 som snitt.

3.2 HØGMESSE

Høgmesse med nattverd er godt innarbeidd i vår kyrkjelyd. Til ei vanleg høgmesse er det eit frammøte på 40-50 personar.

3.3 FAMILIEGUDSTENESTE

Familiegudstenestene er dei gudstenestene som famnar fleire generasjonar og som har størst oppslutning. Det er mange som kjem når barnekora deltek, frå 120 og oppover. I år har det vore 5 familiegudstenester med god oppslutning.

3.4 KVELDSGUDSTENESTE

Opplegget med faste kveldsgudstenester blei avslutta våren 2025 etter ynskje frå prost og biskop. Høgmessa skal være kvar søndag kl. 11.00. Unntaket er askeonsdag og skjærtorsdag.

3.5 FRIVILLIG KLOKKARTENESTE OG KYRKJEVERT

Frivillig klokkarteneste i Bø kyrkje vert utført av fire personar på rundgang. Det er 6 som er kyrkjevert. Alle saman gjer ein viktig teneste som vi er takksame for.

3.6 KYRKJELEGE HANDLINGAR

	2025	2024	2023	2022
Døyppte	46	49	25	38
Konfirmerte	46	54	48	47
Vigde	9	9	8	12
Gravlagde	42	53	48	46

4 GRAVFERD

Det blei halde 42 gravferder og bisettingar i 2025. Prest, organist og kyrkjetenar møter dei sørgande i samband med seremonien, og er opptekne av å gjennomføre gravferdene på ein verdig måte. Det same gjeld dei tilsette på kyrkjekontoret som legg til rette for gravferda administrativt.

5 VIGSEL

Det har vore 9 vigslar dette året.

6 KYRKJELEG UNDERVISING (TRUSOPPLÆRING)

6.1 DÅPSSAMTALE OG DÅPSGUDSTENESTE

Dei fleste dåpssamtalene går føre seg heime hos familiane. Det er ein fin måte å bli kjent på. Familiane slappar ofte meir av heime, og dei slepp å reise ut med dåpsbarnet.

På dåpssamtala deler presten ut informasjon om trusopplæringstiltaka i kyrkjelyden, og dåpsbarnet får ein papirengel med songen «Kjære Gud, eg har det godt». I tillegg får foreldra boka «Arvegull» - dåpsbok for foreldre. Denne boka har erstatta «Barnebibelen» som vi før gav til dåpsbarnet. Barnebibelen får barnet seinare.

Tradisjonen med å henge opp dåpsduer med namn på dåpsbarnet på «dåpstreet» i kyrkja, har blitt ført vidare dette året.

Vi er opptekne av at dei som blir døypte og familien deira skal oppleva at dei blir godt tatt imot av kyrkja, og vi inviterer dei med på det som skjer av aktivitetar og trusopplæringstiltak i kyrkjelyden, mellom anna babysong og musikkleik, som er for dei aller minste.

6.2 BABYSONG OG MUSIKKLEIK (ALDER: 0 -2 ÅR)

Babysong og Musikkleik har sett seg som eit av dei kontinuerlege tilboda i Korskulen, og det er jamn og god påmelding både vår og haust. Kursa går over 8 gonger kvart semester, med samlingar annakvar veke, og det er Grete Sele som er kurshaldar. Begge tilboda blir annonsert kvar vår og haust i Bø blad. I tillegg får foreldre informasjon og invitasjon i dåpssamtala, samt at det ligg informasjon om tilboda på helsestasjonen. Når barna har fylt 3 år, får dei invitasjon til å vere med i *Minikoret*.

6.3 2-ÅRSBOK

For andre året på rad har vi samarbeidd med Sauherad og Nes sokn om sanggudsteneste i Bø kyrkje ein torsdag ettermiddag i starten av juni, der 2-åringane frå begge sokn blei inviterte saman med familien sin, og fekk Sangboksen «Takk min Gud for leken». I forkant av gudstenesta blei det servert ein enkel middag.

6.4 SØNDAGSSKULEN (ALDER: 1-12 ÅR)

Søndagsskulen er eit stort og viktig arbeid i kyrkjelyden vår. Mange barn og familiar finn vegen til kyrkja når det er søndagsskule, som til vanleg er ein gong i månaden. Søndagsskulen vert koordinert av Martin Stærk. Frå hausten 2025 er samarbeidet med Sauherad og Nes sokn i gang. Det er 4 leiarar frå kvart sokn som har søndagsskule i kapella i begge sokn. Det er like mange samlingar i kvart sokn.

6.5 FAMILIEDAG PÅ JØNNBU FJELLKYRKJE (ALDER: 3-5 ÅR)

Trusopplæringstiltaket med skileik for 3-5-åringar vart ikkje arrangert på Jønnebu. Det var fleire årsaker til at det blei slik. Tanken har vore å flytte arrangementet til Bø kyrkje og arrangere skileik der, men mangel på snø og for sein planlegging medverka til at arrangementet blei avlyst.

6.6 UTDELING AV 4-ÅRSBOK OG 4-ÅRSKLUBB (ALDER: 4 ÅR)

4-årsboka blei delt ut på ein felles familie gudsteneste for Sauherad og Nes, og Bø sokn på Nes menighetshus ein torsdag ettermiddag i starten av oktober. I forkant av gudstenesten blei det servert ein enkel middag.

4-årsklubben var felles med Sauherad og Nes sokn, og hadde 3 samlingar på Nes menighetshus i oktober/november. Alle samlingane starta med middag, så kjende bibelhistorier med flanellograf, song, oppgåver, leik og avslutting. Samlingane var godt besøkt av foreldre og born. 9 4-åringar frå Bø og 7 frå Sauherad og Nes deltok, i tillegg til eit par sysken.

6.7 SKATTEJAKT OG UTDELING AV 6-ÅRSBOK (ALDER: 6 ÅR)

Skattejakt for 6-åringar med utdeling av 6-årsbok blei gjennomført i forkant av, og i ein gudsteneste i Nes kyrkje i april. Skattejakta er eit felles tiltak med Sauherad og Nes sokn. Nes kyrkje er fast plass for denne aktiviteten, da det er eit særst godt egna kyrkjebygg for nettopp dette, og det visar seg at Bøheringane gjerne tek turen til Nes for å gå på skattejakt!

6.8 JULEFORESTILLINGAR (ALDER: 7-8)

Lucia-morgon klokka 07.00 i Bø kyrkje har vist seg å vere ein ufråvikeleg tradisjon, og blei gjennomført med 175 morgonfriske folk laurdag morgon. SingLett, Seltin og Helga Samset framførte historia om Lucia med song, skodespel og forteljing.

6.9 TWEENS FREDAGSKLUBB (ALDER: 10-12 ÅR)

Våren 2025 var det tilbod for 4.-7.-klasse på Nes menighetshus etter skulen, frå 13.30-16.30 annankvar fredag (7. mars – 23. mai). Tilbodet var felles for elevar frå Gvarv og Bø. Bø-elevane blei henta med buss til og frå. Totalt 27 born innom, 11 av desse frå Gvarv. I løpet av semesteret var det 6 frivillige involvert (3 av dei var minoritetsspråklege).

Hausten 2025 blei tilbodet flytta til Bø, da det ikkje var frivillige frå Sauherad. Tilbodet er framleis felles for elevane i kommunen, og elevar frå Gvarv har tilbod om skyss til Bø. Berre 1 elev frå Gvarv har vore med i haust. Maria Pinchuk frå Ukraina er tilsett i 10% for å leie tilbodet, under rettleiing frå diakon.

6.10 FORDJUPING I BIBELGJENGEN (ALDER: 10-12 ÅR)

Bibelgjengen har vore slått saman med resten av søndagsskulen i 2025.

6.11 MESTERNES MESTER (ALDER: 12-13 ÅR)

Mesternes Mester blei ikkje arrangert i 2025. Barne -og ungdomsutvalet i Sauherad og Nes har utfordra KRIK Midt Telemark til å ta ansvar for arrangementet. Mesternes Mester er eit samarbeid mellom Sauherad og Nes og Bø sokn, og det er framleis eit ynskje om å arrangere dette igjen.

6.12 KONFIRMASJON (ALDER: 14-15 ÅR)

Frå oppstart i desember til avslutning i september hadde konfirmantane, med nokre praktiske unntak, undervisning annakvar veke. Undervisninga gjekk føre seg i kyrkja på tysdagar og torsdagar kl. 14.15 – 15.45.

Konfirmantane i Bø kyrkjelyd er med i *Ønsket og elsket* sitt konfirmant- og leiartreningsopplegg på tiande året.

42 konfirmantar var med på konfirmantleir sommaren 2025. Konfirmantleiren var på Gjennestad i Vestfold i veke 26 og 27, første og andre veka i skuleferien. Leiren til konfirmantane i Bø, L2 (leir 2) vara frå måndag 30. juni til fredag 4. juli.

I tillegg til konfirmantleir arrangerer *Ønsket og elsket* eit par andre samlingar for konfirmantane gjennom året. *Konf. kick-off* blir arrangert for nye konfirmantar kvar haust med aktivitetar og informasjon om kva det vil seie å vere konfirmant i Den norske kyrkja og Øvre Telemark prosti. *Konf. treff* blir arrangert i forkant av fasteaksjonen kvart år, med informasjon om innsamlingsaksjonen og Kirkens Nødhjelp sitt arbeid. I 2025 blei dette arrangert i Bø kyrkje. Alle konfirmantane frå Øvre Telemark prosti var samla i Bø kyrkje for å lære meir om Kirkens Nødhjelps arbeid. Dette blei etterfølgt av ei gudsteneste med nattverd. Etter gudstenesta hadde ungdomsleiarane i *Ønsket og elsket* satt opp nokre stasjonar med aktivitetar for konfirmantane. Dagen ble avslutta på Kroa med ein matbit og ein konsert med gruppa King Ting.

Ønsket og elsket er likevel ikkje berre for konfirmantar. Dei driv og leiartrening for ungdom. Tidlegare konfirmantar som ønskjer å vere ungdomsleiarar på leir blir med på eit eige leiartreningsopplegg med treffpunkt fleire gonger gjennom året. Dette var ein viktig grunn til at vi i Bø kyrkjelyd ønskjer å vere med på *Ønsket og elsket* sitt konfirmantprogram. Slik kan vi legge til rette for opplæring og utvikling av ungdomsleiarar som kan ha ein positiv påverknad på anna ungdomsarbeid i soknet. Frå hausten 2025 var det ein ungdom frå Bø sokn som var med i leiartreningsprogrammet.

Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon blei gjort på vanleg måte med dør-til-dør-aksjon med hjelp av foreldre og nokre frå kyrkja som stilte opp. Takk til alle og til *Sparebanken Din* som stiller opp.

Samtalegudstenesta var i Bø kyrkje, og konfirmantfesten blei halden på Bø bedehus søndag 31. august i regi av soknerådet. Konfirmasjonen var den første helga i september. Det var flest konfirmantar på laurdag med to stappfulle gudstenester, litt færre på søndag.

Konfirmasjonsundervisninga vart leia av kapellan Per Inge B. Håland saman med soknepresten. 4-5 foreldre var med på konfirmantleiren og gjorde ein solid innsats. Me som er engasjerte i konfirmantundervisninga opplever at ungdommen er nysgjerrige og lydhøyre. Dei kjem til kyrkja med ei positiv innstilling og tilbakemeldinga vi får er at dei føler seg godt mottekne av både stab og kyrkjelyd. Dei er i ein sårbar alder, og både undervisninga og kyrkjelydslivet representerer ei viktig og nødvendig motvekt til mykje av det ungdommen er eksponert for elles i samfunnet.

6.13 SETT-UNGDOM

Sett Ungdom er ein ungdomsklubb med kristen profil, open for alle frå 7. klasse og oppover. Vanlegvis vert samlingane haldne på Bø bedehus, pluss 2-3 turar i året. I inneverande år har dei bl.a. hatt Mission Impossible på Jønnbu, bading/aktiviteter i Gullbring, ungdomsgudsteneste, Stratego, volleyball, filmkveld, Extreme-Gjemsel, bowling/lasertag/shuffle/karaoke, aktivitetsdag på Sagavoll folkehøgskule, tur til Tusenfryd, sommaravslutning/wakeboard på Norsjø, bowling og julebord på Jønnbu.

Sett Ungdom har eige ungdomsstyre, og har i tillegg fleire frivillige vaksne med. 12 samlingar, 83 betalande medlemmer og ca. 50 ungdommar på kvar samling.

6.14 KORARBEID OG ORGELKLUBB

Barnekorarbeidet og orgelklubben hadde eit spanande år, då Gudrun Klakegg sa opp stillinga si etter berre eit år. Men vi var heldige og hadde Øyvind Sundsvalen på plass til semesterstart i august! Alle barnekora og orgelklubben har god oppslutning med rundt 160 barn frå 0-16 år som har vore aktive i kortare eller lengre periodar i løpet av 2025, 6 av desse som orgelelevar. I tillegg har alle Korskulemedlemmer under 3 år ein føresettt som også er medlem. *Korskulen* er ein stabil og stor organisasjon, noko som blir lagt godt merke til også utanfor Bø. I 2025 deltok eit eller fleire av barnekora på til saman 6 gudstenester i Bø kyrkje, i tillegg til stor sommarkonsert i Bø kyrkje: "Sommerdrømmen", deltaking på Dyrsku'-gudstenesta i Seljord, og Lucia-morgon. Korskulen er medlem i Ung Kirkesang.

7 DIAKONI

7.1 DIAKONIUTVAL

Utvalet består av Inger Åse Sønstebø, Randi Hegna Prestbakken, Ulf Vege, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge.

Av faste diakonale tiltak nemner vi:

1. Påske -og julegudsteneste på arbeidssenteret DRIV for psykisk utviklingshemma. Sommaravslutning på Jønnbu med gudsteneste i fjellkyrkja. Grilling av pølser og servering av is og brus utanfor Jønnbu fjellkyrkje.
2. Andaktar på sjukeheimen frå januar til midten av juni og heile hausten, i samarbeid med Normisjon og Bø Pinsemenighet. Andaktane er i kantina i 1. etasje. Dei er for avdelingane *Skjerma*, dagtilbodet *Tanke*, for dei som bur i 2. etg og for omsorgsbustadane. Det er positivt at nesten alle frå Tanke-dagsenteret kjem på andaktane i kantina, men noko færre frå 2. etasje. Frå Normisjon stiller Ulf Vege (talar) og Øyvind Risa (organist). Frå Bø Pinsemenighet har det vore forstandar Dennis Da Silva. Før sommarferien blei det halde ein konsert med kort andakt i kantina på sjukeheimen med Christel Nævdal Barlaup og Grete H. Sele.
3. Tidlegare fekk dei som fylte 90 år tilbod om blomar og besøk. Dette tiltaket har falle vekk. Ei som fylte 100 år fekk besøk og blomar.
4. Det som var av fast organisert besøksteneste i kyrkjelyden har falle vekk sidan dei som hadde behov for det, er døde.
5. Diakoniutvalet deltok på fasteaksjonen.
6. Diakoniutvalet deltok med pynting og servering for 50-års-konfirmantar på Bø prestegard.

7.2 TRU OG LYS

Tru og lys er eit gudstenestetilbod for psykisk utviklingshemma på søndagar kl. 17.00 i Tomaskapellet.

Dette er ei lita gruppe som varierer med frå tre – fem brukarar med følgje kvar gong. Det var 5 samlingar i 2025, med nattverd, lystenning og kveldsmat. Organist har vore Øyvind Risa. Leiarar er Signe Vreim Østtveit, Bente Klokkehaug, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge.

7.3 KIRKENS NØDHJELP

I 2025 var det innsamling til Kirkens Nødhjelp. Innsamlingsaksjonen for konfirmantane vart gjennomført og samla inn kr. 21 273 i bøssene. Mange gav også på vipps. Totalt kom det inn kr. 72 464 frå Bø sokn til fasteaksjonen. I tillegg kjem to ofringar på julaftan og ei ofring i fastetida til Kirkens Nødhjelp.

7.4 BØN FOR BYGDA

Bøn for bygda har samlingar kvar tysdag kl. 14.00 - 15.00 i Tomaskapellet. *Bøn for bygda* har ein fast bønелiturgi med ferdigskrivne bønner der målet er å be for og velsigne Bø-bygda og kyrkja sitt arbeid, som til dømes konfirmantar, gudstenester, gravferder, dåp, vigslar og søndagsskule. Det har vore ei fast gruppe på ca. 3-7 personar som har møtt trufast opp kvar tysdag leia av Anne-Lene Refsum. Dette er eit viktig arbeid som skjer i det stille.

7.5 BIBELGRUPPER

Kyrkjelyden har tre bibelgrupper som er opne for alle. I tillegg er det ei mannsgruppe som har samling annakvar onsdagskveld i Tomaskapellet.

7.6 ORTODOKS MESSE PÅ UKRAINSK I TOMASKAPELLET

Ortodoks prest Andrii Pinchuk frå Ukraina har starta opp med Ortodoks messe annan kvar laurdag i Tomaskapellet. Messene og samlingane etterpå har vore særskild viktige for det veksande talet på ukrainarar i Bø.

8 MISJONSPROSJEKTET

Kyrkjelyden har dei siste åra hatt misjonsprosjekt gjennom Normisjon sitt misjonsarbeid i Kambodsja. Prosjektet *History-makers* har som mål å hjelpe unge menneske til å utvikle sitt potensial. Hovudaktiviteten er å gi unge frå fattige landsbyar ein trygg bustad på internat for å kunne studere.

Det var 6 takkoffer til misjonsprosjektet i 2025, der det kom inn til saman kr. 24 576.

9 GIVARTENESTA

Vi har blitt samla inn til to tiltak, trusopplæring og ombygging av kapellet på Bøhaugen.

9.1 KYRKJELEG UNDERVISNING (TRUSOPPLÆRING)

Det er svært mange born og unge som deltek på øvingar og samlingar i kyrkjelyden vår kvar veke, månad og år.

Alle tilbod handlar om å skape trygge rom for barn og unge og gje dei meningsfulle opplevingar. Bidraga til givartenesta hjelper oss med å sikre eit kontinuerleg og godt tilbod. I 2025 vart det samla inn kr. 59 500.

9.2 OMBYGGING AV KAPELLET PÅ BØHAUGEN

Når det gjeld ombygging av kapellet til kyrkjelydshus med livsynsoppe seremonirom, er status at prosjektet har landa på ein finansieringsmodell saman med Midt-Telemark kommune. I 2025 blei det samla inn 3 000 kroner gjennom givarteneste

9.3 ARBEIDSGRUPPE

Kyrkjeleg fellesråd har i møte den 25. november satt ned ei arbeidsgruppe som skal søke å få realisert ombygginga av det eksisterande bygget på Bøhaugen.

Arbeidsgruppa består av :

Martin Stærk, representant for Bø sokn

Kjell Stundal representant for brukarane

Dardan Smaili, representant for MT kommune

Siri Hildonen, representant for andre livssyns og trussamfunn

Angelika Faber Karsrud, kyrkjeverje og sekretær for gruppa

10 FRIVILLIGHEIT

Det er mange som bidrar med frivilligheit i kyrkjelyden sitt arbeid, og ein stor takk til alle som på den måten er med å bere arbeidet i kyrkjelyden. Soknerådet har ved fleire høve diskutert korleis vi kan engasjere fleire frivillige. Dette er ein prosess som vi vil halde fram med. Soknerådet arrangerte ein medarbeidarfest for å takke dei frivillige i november

11 KULTUR

I 2025 starta Øyvind Sundsvalen som ny organist. Han var på plass frå 1. august, og overtok tangentar og pedalar etter Gudrun Klakegg som hadde vore organist det siste året.

Utover hausten blei det arrangert fleire konsertar, særleg i samband med jula. Vi opplever stor interesse, både frå arrangørar og publikum, og alle konsertane har vore godt besøkt. I desember var det heile 7 ulike konsertar i kyrkja.

Kirkelig kultursenter sør – KIRKUS. KIRKUS er ein eigen organisasjon med eige styre, men har ei samarbeidsavtale med Midt-Telemark kyrkjelege fellesråd. Grete Sele er dagleg leiar i KIRKUS.

I 2025 har KIRKUS ferdigstilt pilotprosjektet “Orgelbygging i klasserom”. KIRKUS har gjennomført orgelbygging for og med 5. klassingane på Folkestad og Gvarv skule. I tillegg har KIRKUS ferdigstilt “Tusenvis – Den norske kyrkja si historie fortald på 45 minuttar” for 6. klassingane på både Bø, Folkestad og Gvarv skule. Arbeidet med “Tusenvis” er eit prosjekt som var initiert og finansiert av Kyrkjerådet, og er ein del av 1000-årsmarkeringa for Den norske kyrkja. Opplegget er utgjeve på Kirkesangforlaget som forteljarhefte og med tidslinje. (sang.no). Det ligg også ute på kirkus.no, og på ressursbanken.no

12 RÅDSARBEID

12.1 SOKNERÅDET

Soknerådet er sett saman av desse medlemmene i 2025:

Leiar: Gry Hege Vreim, nestleiar: Ingunn Skalstad, medlemmer: Ruth Hogstad-Erikstein, Kristian Gotehus Køhn, Ulf Bruno Vege, Kjerstin Midtbø, Nils Ivar Agøy, Anne-Lene Bjørum Refsum, sokneprest: Axel Jørgen Bugge, varamedlemmer: Anna Katrina Persdotter Miland, Bente Klokkehaug, Audun Østtveit

12.2 ARBEIDSUTVAL

Arbeidsutvalet si viktigaste oppgåve er å planlegge soknerådsmøta og handtere hastesaker. I utvalet sit leiar, nestleiar, sokneprest og kyrkjevevje. Det har vore møte etter behov.

12.3 KYRKJELEG FELLESRÅD

Fellesrådet representerer både Sauherad og Nes sokn og Bø sokn. Desse representerte Bø sokn i 2025: Nils Ivar Agøy (nestleiar), Kjerstin Midtbø (medlem), Ruth Hogstad-Erikstein (1. vara) og Kristian Gotehus Køhn (2. vara)

12.4 UTVAL

I 2025 har Bø sokneråd hatt følgjande utval:

Trusopplæringsutval med Grete H. Sele, Per Inge B. Håland, Axel Bugge, Sara Erikstein og Signe Vreim Østtveit.

Gudstenesteutval med Axel Bugge, Per Inge B. Håland, Kristian Køhn, Øyvind Sundsvalen og Anne-Lene B. Refsum.

Diakoniutval med Inger Åse Sønstebø, Randi Hegna Prestbakken, Ulf Vege, Kjerstin Midtbø og Axel Bugge.

Givartenesteutval med Martin Stærk, Ingunn Skalstad og Anna Katrina Persdotter Miland .

Kulturutval (saman med Sauherad og Nes) med Grete Sele og Øyvind Sundsvalen.

12.5 LIKESTILLING, INKLUDERING OG MANGFALD

Av dei åtte faste plassane i soknerådet er det fem kvinner og tre menn.

Kjønnsfordelinga er ivaretatt av soknerådet, også med hensikt til fordelinga i styrande organ.

Alle tilboda er opne for alle med unntak av ei mannsgruppe som møtast anna kvar veke i kapellet.

Når det gjeld universell utforming så er det mogleg å delta for alle under arrangement i kyrkja. Det finst heis for rullestol, men det er utfordrande med toalettfasilitetar. Det er nå eit handikaptoalett på kyrkjekontoret, men det er forholdsvis stor avstand dit. Dette skal bli betre ved ombygging av Tomaskapellet der universell utforming er sjølvst, og er tatt med i teikningane.

Bø sokn er vert for ein ukrainsk kyrkjelyd som feirar gudstenestene sine i kapellet anna kvar laurdag, og vi har den ukrainske presten på språkpraksis på kontoret.

13 INFORMASJONSARBEID

For å drive eit aktivt kyrkjelydsarbeid er det naudsynt med god informasjon til dei som ønskjer å nytte tilboda kyrkjelyden har. Vi informerer i hovudsak gjennom annonser i Bø blad, nettsida vår www.bokyrkje.no, facebook, Bø kyrkjeblad og oppslag ved kyrkja. Informasjon om trusopplæringstiltak blir som regel sendt ut via post i tillegg til nettsida. For å informere frivillige brukar vi sms og e-post. Påmelding til dåp og konfirmasjon skjer via heimesida eller ved telefonkontakt.

13.1 BØ KYRKJEBLAD

I 2025 blei det gitt ut fire nummer av *Bø kyrkjeblad* på 24-28 sider, med eit opplag på 3.300 nummer som blir distribuert av 30 frivillige. Kyrkjebladet blir tatt godt imot og lese av mange. Bladet krev ein ekstra dugnad av frivillige ombererar og av redaksjonen som er på 4 personar: Ulf Vege, Bjørn Seljebotn, Marita Svalbjørg og Axel Bugge. Det har vore lett å få annonsørar og mange støttar bladet økonomisk. Bladet treng fleire faste givarar for å gå i balanse. Etter fleire rundar i soknerådet om økonomien, var det bestemt at bladet skulle redusere talet på sider til maks 24, og auke oppfordringa til at fleire måtte gje. Innsparinga og ekstra gåveinntektar har gitt resultat. Bladet har gått med underskot på ca. 8.000 kroner mot ca. 28.000 i fjor. Marita Svalbjørg har i løpet av året gått ut av redaksjonen, og vi treng ein ny medarbeidar.

14 ØKONOMI

Rekneskapen for 2025 viser eit mindreforbruk på 30 234 kr. Avvika kjem hovudsakleg av gåvefinansierte tiltak, endra plan for jubileumsbok, og variasjon i aktivitetar. Trusopplæring har størst mindreforbruk, medan konfirmantar har overforbruk grunna lågare eigenbetaling og høgare felleskostnader. Elles har dei fleste avdelingane små avvik. Nedanfor følgjer ei oversikt over dei viktigaste budsjettavvika og årsakene til desse:

Trusopplæring har eit mindreforbruk på 81 326 kroner, nesten 40 000 kroner betre enn budsjettet. 25 000 kroner av dette er stimuleringsmidlar frå Kyrkerådet som skal setjast av til ei ungdomsgudsteneste i 2026. Utgiftene vart lågare enn planlagt (14 371 kroner mot 50 000 kroner), fordi Tweenstilbodet vart slått saman med Sauherad og Nes sokn, som var vertskap.

Diakoni har ingen førte utgifter eller inntekter.

Kulturutvalet fekk ei overføring på 20 000 kroner frå fellesrådet, tilsvarande Sauherad og Nes. Det vart ikkje arrangert eigne konsertar eller brukt alle midlar på ekstra musistarar, og avdelinga viser eit mindreforbruk på 14 550 kroner.

Konfirmantarbeidet har eit overforbruk på 65 247 kroner mot budsjetterte 42 000 kroner. Konfirmantavdelinga blir balansert mot trusopplæring, og budsjetterast med eit underskot som dekkjast gjennom overskotet i trusopplæringa. Overforbruket kjem

av svikt i eigenbetaling og lågare offer, samt noko høgare kostnader knytt til felles opplegg i prostiet («Ønsket og elsket») og generelle utgifter.

Gudsteneste har ingen førte utgifter. Det var planer om å fornye gudstenestehefter.

Tru og lys har ingen utgifter utover ein kontingent på 1 250 kroner.

Kapellet har motteke 4 400 kroner i gaver, som er avsett til bunde fond.


Soknerådsarbeid viser eit mindreforbruk på 4 774 kroner mot eit budsjetttert nullresultat. Kyrkjelydsbladet vart i løpet av 2025 skilt ut som eiga avdeling, sjølv om det i budsjettprosessen vart ført som prosjekt under soknerådsarbeid. Vidare vart arbeidet med jubileumsboka, som nemnt, flytta til fellesrådet. Dette forklarar nedgangen i omsetning frå 801 380 kroner til 598 986 kroner.

Kyrkjebladet har eit meirforbruk på 8 619 kroner. Tiltak mot slutten av året – færre sider i eit nummer og ein felles innsats for å auke gjevartenesta – gav god resultatverknad og underskotet blei langt mindre enn vi hadde trudd tidlegare på hausten.









NÅ KUN KR 249,-

~~329,-~~

Kan kjøpast her:

- **Bø Bok og Papir**
- **Bø kyrkjekontor**
- **Bø kyrkje**